

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå. Vi vil ha eit samfunn med frie og sjølvstendige menneske som med tru på egne evner tar ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og natur og miljø.



Gjerstad

– med fokus på næring, samferdsle og infrastruktur

Gjerstad Sp vil arbeide for at:

- alle innbyggjarane skal ha god mobildekning og tilgang på høghastighetsbreidband/fiber. Kommunen skal framleis vere ein pådrivar for å auke tilskot frå stat og fylke, og gå inn med egne midlar for å sikre full dekning
- Brokelandsheia blir utvikla vidare som eit regionalt senter for næring, industri, handel, service og tenesteyting
- kommunen skal vere med å ta vare på eksisterande, og skape nye arbeidsplassar, også innan jord- og skogbruk
- det kan etablerast bedrifter i heile kommunen
- lærlingeplassar blir brukt som ressurs og rekruttering
- kommunen skal støtte opp om planmessige kulturlandskapstiltak
- kommuneadministrasjonen framleis skal vere i øvrebygda
- sør-vest banen skal byggjes med knutepunktstasjon på Brokelandsheia
- kommunen skal følge opp den vidare planprosessen rundt ny E18



Listekandidatene på Sp-lista i Gjerstad for valget 2023

Nr	Navn	Født
1	Maria Heiland	1985
2	Iselin Dalen Moe	1992
3	Lars Einar Lunden	1979
4	Anette Kveim	1964
5	Hans Martin Ulltveit	1954
6	Gro Eskeland	1981
7	Rune Dalen	1967
8	Per Arne Selåsvassenden	1978
9	John Sigbjørn Haugebo	1995
10	Espen Langmyr	1989
11	Rolf Ola Kals	1995
12	Anne Lise Heiberg	1959
13	Siri Bjellerås	1984
14	Halvor Aasbø	1996
15	Mona Hoel	1962

Gjerstad Senterparti

Program 2023 – 2027

*bosetting – oppvekst – helse – næring
kultur – miljø – friluftsliv – utdanning
trygghet – barn – unge – arbeid*

Vi vil gjøre vårt for at bygda vår skal vere ein god stad å vekse opp, busette seg og skape noko. Vi vil at Gjerstad kommune skal gi tenester og vere ein trygg stad for folk som bur her, i alle aldrar og tilpassa det ein kvar treng.

LAYOUT OG TRYKK: SYNKRON MEDIA AS



«Gjerstad skal være ei god bygd å bo i, der vi tar vare på hverandre og miljøet rundt oss»



Senterpartiet trur på forvaltaransvaret.
Ressursane skal haustast på ein måte som
ikkje øydelegg for komande generasjonar.

Gjerstad kommune

– ein god stad å bu

Gjerstad Sp vil arbeide for at:

- Gjerstad framleis skal vere ein eigen kommune
- kjørkebygg, kjørkegard og områda rundt blir skjøtta på ein god måte
- unge ønsker å busette seg i Gjerstad, ved å ha attraktive bustadfelt, bustader som passer til førstegongs-etableringar, og det skal vere mogeleg med spreidd bustadbygging.
- det skal framleis vere bu- og driveplikt og den skal praktiserast strengt og rettferdig
- det framleis skal vere god integrering og sysselsetting av flyktningar
- kommunen blir aktivt marknadsført som ein god bu- og næringskommune

Gjerstad

– ein god stad å vekse opp
og vere aktiv på fritida

Gjerstad Sp vil arbeide for at:

- det blir satsa på førebyggjande arbeid og tidleg innsats retta mot born og unge
- barnehage, skule og SFO skal ha ressursar til å utvikle seg og gi eit godt tilbod til alle
- det skal vere trygge skuleveggar og god skuleskyss, og det skal leggjast til rette for at born/unge kan gå eller sykle til skulen der det er mogeleg
- det framleis skal vere barnehage i både ytre- og øvrebygda og at opningstidene passar for pendlarar
- lag og foreningar har gode arenaer der dei kan drive aktivitetane sine, og at kommunen er ein god samarbeidspartnar
- det skal vere nærmiljø-anlegg der det er naturleg
- aktivitetshuset blir ein arena for lag og foreningar og ein møteplass for folk i alle aldrar
- folkebiblioteket blir verande i tilknytning til det administrative- og kulturelle senteret
- det er gode tiltak mot barnefattigdom og familiar med spesielle behov
- Statsskog legger ut jaktkort som er forbeholdt jegerar som er heimeboande i Gjerstad kommune

Senterpartiet meiner det er god
samfunnsøkonomi å utnytte naturgjevne
og menneskelege ressursar i heile landet.

Gjerstad

– med fokus på god helse
gjennom heile livet

Gjerstad Sp vil arbeide for at:

- det skal vere fokus på levekår, og det skal leggjast tilrette i kvardagen for menneske med nedsett funksjonsevne, med fokus på utfordringar knytta til psykisk helse og rusproblem
- kommunen skal gi gode og tilpassa helsetilbod til dei som treng det
- eldre innbyggjarar skal vere ein ressurs for bygda
- kommunen skal ha god legekapasitet
- vi skal ha ein velferdsteknologi som fungerer godt i alle delar av kommunen
- det leggjast vekt på tiltak som fremmer folkehelsa i nærmiljøet
- vi skal behalde og styrke lågterskeltilbodet innan psykisk helse, særleg med tanke på born og unge
- born og unge skal framleis ha lett tilgang til helsesjukepleiar, skulehelseteneste og andre helsetenester
- ambulansetenesta er stasjonert i Gjerstad

Gjerstad

– ein grøn kommune

Gjerstad Sp vil arbeide for at:

- kommunen er førebudd på klimaendringar
- kommunens miljøplan blir følgd opp i praktisk politikk
- drivverdige jordbruksareal blir brukt og ressursgrunlaget blir halde i hevd
- dei store områda til Statsskog blir verande i offentleg eige og er tilgjengeleg for folk flest
- kommunens innkjøpsavtalar tar omsyn til klima og miljø, og at innkjøp blir gjort lokalt der det er mogeleg